

## Rekordhøg etterspørsel etter arbeidskraft

- Arbeidsløysa gjekk opp litt meir enn venta i januar. Men låg tilgang av nye arbeidssøkarar for januar å være og rekordhøg etterspørsel etter arbeidskraft er teikn på at arbeidsmarknaden i fylket framleis er svært god. Dessutan er ei arbeidsløysa på 1,4 prosent i ein januarmånad den lågast registrerte nokon gong, seier Olaug Flø Brekke, fylkesdirektør i NAV Møre og Romsdal.

Ved utgangen av januar var det 1.775 personar heilt utan arbeid i Møre og Romsdal. Dette utgjer 1,4 prosent av arbeidsstyrken og er ein nedgang på 24,4 prosent samanlikna med same periode i fjor, og ei auke på 21,0 prosent i høve til sist månad. I januar var 524 personar på ulike arbeidsmarknadstiltak. Til saman gir dette ei brutto arbeidsløysa på 2.299 personar i fylket. Arbeidsløysa har gått meir ned blant kvinner enn menn det siste året. Nedgangen blant kvinner har vore 28,4 prosent medan den for menn har vore 20,6 prosent. Blant både kvinner og menn er arbeidsløysa no 1,4 prosent i fylket.

- Normale sesongsvingingar gjer at det er vanleg med ei auke i arbeidsløysa frå desember til januar på om lag 18 prosent i vårt fylke. Gitt sesongsvingingar samt låg arbeidsløysa og mange personar på tiltak i desember, var auka i arbeidsløysa ikkje uventa, men likevel noko høgare enn prognosen for månaden. Sesongjusterte tal på brutto arbeidsløysa synar likevel ein liten nedgang i januar til 2.092 personar, seier Flø Brekke.

I landet er det 40.670 heilt ledige. Dette utgjer 1,8 prosent av arbeidsstyrken og er ein nedgang på 20,0 prosent samanlikna med same periode i fjor, og ei auke på 14,9 prosent i høve til sist månad.

### 2.400 utlyste stillingar

Nesten 2.400 stillingar blei lyst ut i fylket i januar. Så langt vi har historikk på dette (1999) har det aldri før vore utlyst så mange stillingar ein januarmånad. Flest utlyste stillingar var det innan helse, pleie og omsorg med 390, industriarbeid med 326 og butikk- og salsarbeid med 246. Av spesifikke yrke var det i januar størst etterspørsel etter butikkmedarbeidarar (155 stillingar), ingeniørar (147), sjukepleiarar (90) og reinhaldarar (70). 60 prosent av dei utlyste stillingane var på Sunnmøre, 25 prosent i Romsdal og 15 prosent på Nordmøre. I høve til januar i fjor blei det totalt utlyst 17 prosent fleire stillingar i fylket.

### Størst nedgang blant dei unge

Siste år har aldersgruppa 19 år eller yngre hatt størst nedgang i ledigheta kor det har blitt 38 prosent færre heilt ledige. Spesielt har nedgangen vore stor blant kvinnene i denne aldersgruppa med ein nedgang på 52 prosent. Aldersgruppene 20-24 år og 40-49 år har begge nest størst nedgang med 26 prosent, medan aldersgruppa 60 år og over har minst nedgang med 17 prosent. Sett i høve til arbeidsstyrken fordelt på alder så er arbeidsløysa lågast blant 50-59 åringane med 0,9 prosent medan den er høgast i aldersgruppa 20-24 år med 2,5 prosent.

### Auke innan undervisning, elles nedgang

Det har vore nedgang blant dei heilt ledige innan alle yrkesgrupper så nær som undervisning. Her er det ei auke på 20 prosent siste år og det er no 60 heilt ledige personar i denne yrkesgruppa. Størst nedgang har det vore blant dei med bakgrunn innan helse, pleie og omsorg, butikk- og salsarbeid og meklarar og konsulentar med høvesvis 43, 42 og 39 prosent. Blant personar i yrkesgruppene akademiske yrke, barne- og ungdomsarbeid samt bygg og anlegg har det berre vore små endringar i ledigheta siste år, mens for dei andre yrkesgruppene har nedgangen vore på ca 25 prosent. Målt i talet på personar er no det flest ledige innan yrkesgruppene industriarbeid (266 personar), reiseliv og transport (215) og bygg og anlegg (209), medan det er færrest innan leiarar (26), akademiske yrke (33) og ingeniørar- og ikt-fag (35).

### Statistikk på dei tidlegare arbeidsdistrikta

Då Aetat var egen etat var fylket delt inn i 6 arbeidsdistrikt kor kvart distriktskontor hadde ansvar for 2 eller fleire kommunar. Fram til desember i fjor blei det publisert statistikk på utviklinga innan arbeidsløysa for desse distrikta. Med den pågåande etablering av NAV kontor (13 hittil i fylket), kor NAV kontora får ansvar for dei arbeidsledige i sin kommune, ser vi inga hensikt lenger å publisere tal for dei tidlegare arbeidsdistrikta. Tabellen tas derfor ut av pressemeldinga.

#### NAV MØRE OG ROMSDAL

Postadresse: Serviceboks 14 Årøsdalen // 6405 Molde  
Besøksadresse: Verftsgata 5 // 6405 Molde  
Tlf: 70320900 // Faks: 70320901

For nærare opplysningar kontakt  
Stig Lodve Janbu, tel. 95 80 78 08.

Neste frigjeving av statistikk om arbeidsmarknaden: 28. februar 2008.  
Ved publisering av tal frå denne pressemeldinga skal NAV Møre og Romsdal  
gjevast opp som kjelde.

**Tabellar:****Talet på heilt ledige –  
januar 2008**

<b>Fylke</b>	<b>Menn</b>	<b>Kvinner</b>	<b>Sum</b>	<b>I prosent av arbeidsstyrken</b>	<b>Endring siste mnd</b>	<b>Endring siste år</b>
01 Østfold	1561	1390	2951	2,2 %	528	-514
02 Akershus	1735	1635	3370	1,2 %	242	-1246
03 Oslo	3936	3085	7021	2,3 %	396	-1683
04 Hedmark	1012	795	1807	1,9 %	224	-444
05 Oppland	762	653	1415	1,6 %	260	-178
06 Buskerud	1113	1024	2137	1,5 %	154	-796
07 Vestfold	1165	1032	2197	2,0 %	260	-429
08 Telemark	1019	758	1777	2,1 %	351	-314
09 Aust-Agder	562	466	1028	2,0 %	164	-136
10 Vest-Agder	726	699	1425	1,7 %	256	-521
11 Rogaland	1223	1164	2387	1,1 %	168	-841
12 Hordaland	2197	1924	4121	1,7 %	546	-1278
14 Sogn og Fjordane	390	263	653	1,2 %	176	-220
15 Møre og Romsdal	962	813	1775	1,4 %	308	-572
16 Sør-Trøndelag	1814	1528	3342	2,3 %	518	-517
17 Nord-Trøndelag	861	630	1491	2,3 %	224	-118
18 Nordland	1626	1239	2865	2,4 %	510	-764
19 Troms	1058	576	1634	2,0 %	286	-434
20 Finnmark	845	411	1256	3,4 %	209	-182
Ikke i et fylkesdistr.	4	14	18		5	16
<b>Riket</b>	<b>24567</b>	<b>20085</b>	<b>44670</b>	<b>1,8 %</b>	<b>5785</b>	<b>-11171</b>

**Talet på heilt ledige –  
januar 2008**

Kommune	Menn	Kvinner	Sum	I prosent av arbeidsstyrken	Endring siste mnd	Endring siste år
1502 Molde	95	52	147	1,1 %	27	-51
1504 Ålesund	191	156	347	1,6 %	38	-172
1505 Kristiansund*	146	106	252	2,2 %	68	-60
1511 Vanylven	16	16	32	1,8 %	5	-5
1514 Sande	6	5	11	0,9 %	-2	-6
1515 Herøy	15	29	44	1,0 %	5	-31
1516 Ulstein	11	19	30	0,9 %	2	-22
1517 Hareid	17	18	35	1,5 %	-1	-14
<b>1519 Volda</b>	<b>40</b>	<b>18</b>	<b>58</b>	<b>1,4 %</b>	<b>10</b>	<b>-31</b>
1520 Ørsta	37	25	62	1,2 %	16	-39
1523 Ørskog	9	13	22	1,9 %	11	8
1524 Norddal	4	4	8	0,9 %	2	-3
1525 Stranda	11	7	18	0,7 %	4	-4
1526 Stordal	3	3	6	1,2 %	0	2
1528 Sykkylven	25	17	42	1,0 %	-6	6
1529 Skodje	12	10	22	1,1 %	-2	-20
1531 Sula	18	27	45	1,1 %	3	-31
1532 Giske	17	21	38	1,1 %	1	-2
1534 Haram	13	28	41	0,9 %	10	-9
1535 Vestnes	15	19	34	1,0 %	8	1
1539 Rauma	44	27	71	1,9 %	12	1
1543 Nesset	23	10	33	2,2 %	14	6
1545 Midsund	5	2	7	0,7 %	1	-9
1546 Sandøy	1	4	5	0,8 %	1	2
1547 Aukra	9	9	18	1,1 %	6	3
1548 Fræna	27	27	54	1,1 %	9	-23
1551 Eide	13	12	25	1,5 %	4	-14
1554 Averøy	18	22	40	1,5 %	6	-21
1557 Gjemnes	10	6	16	1,1 %	3	-9
1560 Tingvoll	12	7	19	1,3 %	1	-1
1563 Sunndal	37	22	59	1,6 %	14	5
1566 Surnadal	22	24	46	1,6 %	3	-23
1567 Rindal	6	6	12	1,2 %	6	-3
1571 Halså	4	8	12	1,5 %	-2	-16
1573 Smøla	10	9	19	1,8 %	3	-5
1576 Aure	8	12	20	1,2 %	7	-12
Justering**	12	13	25		20	30
<b>Sum</b>	<b>962</b>	<b>813</b>	<b>1775</b>	<b>1,4 %</b>	<b>308</b>	<b>-572</b>

\* Kommune 1505 Kristiansund er resultat av samanslåinga mellom kommunane Kristiansund og Frei den 01.01.08. Endringstala siste månad/siste år for 1505 Kristiansund ses i forhold til summen av tilsvarende tal for Kristiansund og Frei i 2007.

\*\* Personar busett i kommunar i Møre og Romsdal men som er registrert ved NAV arbeid lokal i andre fylke.